



BLI MED PÅ SOMMARLES.NO 2019!

Til alle kontaktlærarar/norsklærarar i 1. - 7. klasse

Sommarles er ein nasjonal, digital lesekampanje i regi av biblioteka, der målet er at flest mogleg barn i 1.-7. klasse skal lese mest mogleg i løpet av sommarferien! Sommarles bruker element frå digitale spel for å motivere til lesing, fordi vi veit kor viktig lesekompetanse er. Forsking frå England og USA* viser at barn som ikkje les i løpet av sommaren, mistar inntil tre månader lesekompetanse, mens barn som deltar på lesekonkurransar, taper minimalt. Til sommaren kan også Sommarles.no presentere forskinga vi har gjort i løpet av året, saman med Møreforsking Molde, for å kunne slå fast noko om effekten av vår eigen kampanje. 2018 var eit rekordår for Sommarles, med godt over 100 000 leseglade barn som deltok, men vi ønsker endå fleire barn velkomne! Kampanjen startar 1. juni kvart år, og blir avslutta den 31. august.



Sommarles blir i år sparka i gang allereie onsdag 29. mai, med eit direktesendt show som vi strøymar via YouTube. I fjor deltok ca. 26% av alle 1.-7. klassingar i landet på Sommarles, men for å få med endå fleire barn, treng vi hjelp frå dykk ute i skulane. **Vi håper derfor de vil sette av ein halv time av undervisninga til å la barna følge det direktesende showet, onsdag 29. mai, kl. 10.30-11.00!** Livesendinga strøymar vi på [Vestfold fylkeskommunes YouTube-kanal](#). Alt de treng er eit klasserom eller auditorium med storskjerm, nett-tilgang og lyd. I studio får vi blant anna besøk av forfattarane Mari Moen Holsve og Jørn Lier Horst, det blir intervju og visning av Sommarlesfilmen for i år. Vi har også nokre artige overraskingar på lur!

Sommarles.no sin suksess har samanheng med god draghjelp frå dykk lærarane. Ved å hjelpe oss med å reklamere for Sommarles.no på skulen før sommarferien, gir de barna ein god start, og dei kan

komme godt i gang med kampanjen før sommarferien tar fart for alvor. Våre undersøkingar har vist at det også er gjennom dykk vi når flest barn. **Vi håper derfor at de vil hjelpe oss med å spreie budskapet om kampanjen til elevane** – resten tar biblioteket seg av.

Det vi ber om er:

- **Dele ut eit infoskriv** som elevane kan ta med seg heim til foreldre eller føresette.
- **Legge til rette for at elevane kan følge Sommarles-showet direkte på skulen**
- **Snakke med elevane om Sommarles.no 2019** og oppmuntre dei til å delta. Minn dei på å registrere seg frå starten av – den 1. juni. Det er kjekkast å være med frå starten, men det er sjølv sagt heilt greitt å bli med også etter kvart. Fordi Sommarles.no er ein digital lesekampanje, treng vi løyve frå foreldra til at barna skal kunne delta. Det er derfor viktig at sjølve registreringa skjer heime, og ikke i fellesskap på skulen.

Kva er Sommarles.no 2019?

- Ein sommarlesekampanje som varer frå **1. juni til 31. august**, og som blir drifta av biblioteka.
- **Alle elevar i 1. til 7. klasse** kan delta (inkl. dei som skal begynne i 1. klasse til hausten og dei som går ut 7. klasse ved kampanjestart).
- **På nettsida Sommarles.no** samlar barna XP/poeng for kvar lesne side, svarer på oppgåver, ser kva venner les og tener opp digitale trofé. Undervegs gjer dei seg fortente til små, kule premiar som dei hentar på biblioteket. Dei kan også følge ei spesialskriven forteljning, skriven av Mari Moen Holsve.
- **Sommarles.no er for alle**, både superlesarar, gode lesarar, middels gode lesarar og også dei som treng litt hjelp, eller berre er i ferd med å lære seg å lese! (Då kan nokon lese høgt for dei eller dei kan høyre på lydbøker.)

Sommarles.no er utvikla av Vestfoldbibliotekene, Vestfold fylkesbibliotek og Snuti. Bibliotekarar frå Finnmark og Østfold har bidratt til kampanjen for i år. Meir info om Sommarles.no og korleis de kan marknadsføre kampanjen blant elevane dykkar, finn de her: <https://altom.sommarles.no>

Ta kontakt med det lokale bibliotek ditt, dersom du lurar på noko meir om kampanjen i din kommune.



GOD SOMMAR MED SOMMARLES.NO 2019!

*Fiore, C. & Roman S. (2010) Proof Positive School Library Journal; New York. Vol 56, Iss 11. (Nov 2010), og Cooper H. (2003) Summer Learning Loss: The Problem and some Solutions. ERIC digest <https://www.ericdigests.org/2003-5/summer.htm>